

Utval: Fellesnemnda
Møtestad: Radisson Blu Royal hotel, Bryggen, Bergen
Dato: 13.03.2019
Tidspunkt: 10.00 – 16.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A, gjekk kl. 16.15
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A, gjekk kl. 16.15
Åshild Kjelsnes	Medlem	A
Hilmar Høl	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Bjørn Erik Hollevik	Medlem	H, gjekk kl. 16.05
Terje Søviknes	Medlem	FRP, kom kl. 10.15
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Jenny Følling	Nestleiar	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Anne Beth Njærheim	Medlem	V, gjekk kl. 15.55
Gunhild Berge Stang	Medlem	V, gjekk kl. 16.05

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Nævdal	Medlem	A
Helen Hjertaas	Medlem	A
Tom Sverre Tomren	Medlem	Krf

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kjell Gitton Håland	Helge Nævdal	A
Karianne Torvanger	Helen Hjertaas	A
Natalia Antonia Golis	Tom Sverre Tomren	MDG

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Prosjektleiar
Tore Eriksen	Fylkesrådmann Sogn og Fjordane
Ingrid Holm Svendsen	Konst. fylkesrådmann Hordaland

Thorbjørn Aarethun
Anne-Kjersti Stenehem
Bertil Søfteland
Anita Fjellheim
Marit Silje Husabø
Hilde Mæland
Jan Erik Angelsgård
Bjarte Brask Eriksen
Bjarte Johansen
Anders Nesbø Prestegard
Sigrid Helene Aardal

Seniorrådgjevar, Hordaland
Seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane
Leiar fylkessekretariatet, Hordaland
Spesialkonsulent, Hordaland
Førstekonsulent, Sogn og Fjordane
Leiar Kommunikasjonsseksjonen, Hordaland
Spesialrådgjevar, IT-seksjonen, Hordaland
Seniorrådgjevar, Hordaland
IKT-konsulent, Sogn og Fjordane
IKT-konsulent, Hordaland
Seniorrådgjevar, Hordaland

Sigrid Helene Aardal
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 14/19	Godkjenning møteinnkalling		
PS 15/19	Godkjenning av møtebok 14.02.19	2015/1434	
PS 16/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 7/19	Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - kontrollutvalet	2019/418	
RS 8/19	Kostnader ved overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane	2018/16001	
RS 9/19	Prosjekt for felles organisasjonskultur, Vestland fylkeskommune	2018/16004	
RS 10/19	Nytt inntektssystem for fylkeskommunane - Nye Vestland fylkeskommune ber om møte med KMD	2018/16486	
RS 11/19	Komiteens behandling av kulturmeldingen (Meld.St.8 2019-2020)	2018/16486	
RS 12/19	Amatørkulturrådet i Bergen - vidareføring av etablering av amatørkulturråd i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
RS 13/19	Politisk innspel til fellesnemnda for Vestland fylke - Krf	2018/16486	
RS 14/19	Uttale frå fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane - ungdomskort i Vestland fylke	2018/16486	
PS 17/19	Ymse		
PS 18/19	Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 2/19	2018/16486	
PS 19/19	Inntak i Vidaregåande opplæring	2018/15997	
PS 20/19	Ny budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane - vidare prosess	2018/15997	
PS 21/19	Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2019	2018/16486	
PS 22/19	Møteplan hausten 2019	2015/1434	
PS 23/19	Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	2016/3311	

PS 24/19	Komit� for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020	2018/16486
PS 25/19	Fylkestingsvalet 2019 - r�ystesetlar til listestillarane	2018/9153

PS 14/19 Godkjenning m teinnkalling

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Vedtak

M teinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

PS 15/19 Godkjenning av m tebok 14.02.19

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Vedtak

M teboka fr  m te i fellesnemnda 14.02.2019 vart godkjent utan merknader.

PS 16/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Vedtak

Referatsakene RS 7/19-RS 14/19 vart teke til orientering.

RS 7/19 Reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune - kontrollutvalet

RS 8/19 Kostnader ved overf ring av fylkesvegadministrasjonen fr  Statens vegvesen til fylkeskommunane

RS 9/19 Prosjekt for felles organisasjonskultur, Vestland fylkeskommune

RS 10/19 Nytt inntektssystem for fylkeskommunane - Nye Vestland fylkeskommune ber om m te med KMD

RS 11/19 Komiteens behandling av kulturmeldingen (Meld.St.8 2019-2020)

RS 12/19 Amat rkulturr det i Bergen - vidaref ring av etablering av amat rkulturr d i Vestland fylkeskommune

RS 13/19 Politisk innspel til fellesnemnda for Vestland fylke - Krf

RS 14/19 Uttale fr  fylkes rsm te i Senterpartiet i Sogn og Fjordane - ungdomskort i Vestland fylke

PS 17/19 Ymse

ORIENTERINGAR

Orientering ved ungdommens fylkesutval (UFU) i Hordaland og ungdomspolitisk utval (UPU) i Sogn og Fjordane.

Fr  UFU Hordaland m tte:

Oda Medhus, leiar
Ida Heggland, medlem UFU
Åsmund Bergo Aarvik, utvalsleiar for ungdommens MISA
Sander Molland, utvalsleiar for ungdommens OPHE
Mia Holdhus, utvalsleiar for ungdommens KIRU

Frå UPU i Sogn og Fjordane møte:
Thor Albrektsen

Prosjektleiar Rune Haugsdal hadde orientering om prosessar som er gang.

Orienteringar i samband med PS 18/19.

Prosjektleiar Rune Haugsdal hadde orientering om budsjettprosessen.
Direktørane i Vestland fylkeskommune orienterte om sine fagområder.
Fylkesrådmann Tore Eriksen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og konst. fylkesrådmann Ingrid Holm Svendsen, Hordaland fylkeskommune orienterte om investeringar i dei respektive fylkeskommunane for 2019-2022.

FRÅSEGN

Terje Søviknes (Frp) sette på vegne av alle partia Frp, H, V, MDG, SV, Krf, A, Sp fram slikt forslag til fråsegn:

«Vestland ynskjer leiing av sentrale oppgåver i framtidens Statens Vegvesen

Statens vegvesen er i omorganisering. I Vestland får dette konsekvensar for regionvegkontoret og trafikkstasjonane i vår nye region. Fellesnemnda forventar at den framtidige organiseringa sikrar leiing av sterke fagmiljø og funksjonar i Vestland fylke, og gjev gode, tilgjengelege tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Vegdirektoratet vil i løpet av våren legge fram forslag til framtidig organisering og lokalisering av fagmiljø og kontor i Statens vegvesen. Vestland har forventningar om eit desentralisert Statens vegvesen. Det betyr gode og tilgjengelege trafikk- og køyretøytenester ved trafikkstasjonane. Det er viktig å oppretthalde sørvis-tilbod, inkludert tilbod om oppkøyring for tunge køyretøy. Trafikkstasjonane er og lokaliseringsstad for andre funksjonar som treng ein desentralisert struktur.

Fellesnemnda i Vestland har forventningar om at Vestland får ein sentral posisjon i framtidens Statens Vegvesens, mellom anna ved overføring av oppgåver frå Vegdirektoratet. Vestland vert landets nest største region. Region Vest er den tyngste veg-regionen i landet, med dei største utbyggingsprosjekta og spisskompetanse på fjernleiing, strategisk prosjektstyring, rassikring, bruer og tunnelar.

Fellesnemnda i Vestland minner om at statleg lokalisering skal bidra til styrka samordning mellom stat og nye regionar, og at «de regionale vurderingene av lokalisering av arbeidsplasser i de nye regionene vil tas med i statens beslutningsprosesser for lokalisering av statlige arbeidsplasser» 1. Dette må gjelde også for omorganiseringa av Statens vegvesen. Frå 01.01.20 slår Sogn og Fjordane og Hordaland seg saman til Vestland fylke. Vestland har i si organisering vedteke at fagområdet Veg og infrastruktur skal leiast frå Leikanger. Ein viktig grunn var samordning med det sterke fagmiljøet ved Statens vegvesens regionvegkontor. Vidare har Vestland vedteke at ansvar for Kollektiv skal ligge i Bergen.

Fellesnemnda ser det difor som naturleg at leiing av oppgåver innanfor Transport og samfunn og Trafikant og køyretøy, med sterke fagmiljø, vert lagt til Vestland fylke. Vi meiner også at ei framtidig divisjonsleiing for Utbygging bør lokaliserast til Vestland fylke. Statleg lokalisering må sjåast i samheng med dei nye regionane. Arbeidsplassane er også ein svært viktig del av ein brei og attraktiv bu- og arbeidsmarknad med nasjonale einingar som til dømes Difi, som forvaltar og utviklar nasjonale digitale tenester for offentleg forvaltning.

Tilgjengelege offentlege tenester og attraktive arbeidsmarknader er føresetnader for vekstkraftig næringsliv og gode lokalsamfunn over heile landet. Fellesnemnda meiner difor at det ligg godt til rette for å bygge vidare på eksisterande fagmiljøa, i ein framtidig divisjonsmodell, med leiing av sentrale funksjonar og oppgåver i Vestland.

1 Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser. [Vedlegg til Meld. St. 18 \(2016-2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)

Røysting

Det var 21 representantar tilstades.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

Vedtak

Vestland ynskjer leiing av sentrale oppgåver i framtidens Statens Vegvesen

Statens vegvesen er i omorganisering. I Vestland får dette konsekvensar for regionvegkontoret og trafikkstasjonane i vår nye region. Fellesnemnda forventar at den framtidige organiseringa sikrar leiing av sterke fagmiljø og funksjonar i Vestland fylke, og gjev gode, tilgjengelege tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Vegdirektoratet vil i løpet av våren legge fram forslag til framtidig organisering og lokalisering av fagmiljø og kontor i Statens vegvesen. Vestland har forventningar om eit desentralisert Statens vegvesen. Det betyr gode og tilgjengelege trafikk- og køyretøytenester ved trafikkstasjonane. Det er viktig å oppretthalde sørvis-tilbod, inkludert tilbod om oppkøyring for tunge køyretøy. Trafikkstasjonane er og lokaliseringsstad for andre funksjonar som treng ein desentralisert struktur.

Fellesnemnda i Vestland har forventningar om at Vestland får ein sentral posisjon i framtidens Statens Vegvesens, mellom anna ved overføring av oppgåver frå Vegdirektoratet. Vestland vert landets nest største region. Region Vest er den tyngste veg-regionen i landet, med dei største utbyggingsprosjekta og spisskompetanse på fjernleiing, strategisk prosjektstyring, rassikring, bruer og tunnelar.

Fellesnemnda i Vestland minner om at statleg lokalisering skal bidra til styrka samordning mellom stat og nye regionar, og at «de regionale vurderingene av lokalisering av arbeidsplasser i de nye regionene vil tas med i statens beslutningsprosesser for lokalisering av statlige arbeidsplasser» 1. Dette må gjelde også for omorganiseringa av Statens vegvesen. Frå 01.01.20 slår Sogn og Fjordane og Hordaland seg saman til Vestland fylke. Vestland har i si organisering vedteke at fagområdet Veg og infrastruktur skal leiast frå Leikanger. Ein viktig grunn var samordning med det sterke fagmiljøet ved Statens vegvesens regionvegkontor. Vidare har Vestland vedteke at ansvar for Kollektiv skal ligge i Bergen.

Fellesnemnda ser det difor som naturleg at leiing av oppgåver innanfor Transport og samfunn og Trafikant og køyretøy, med sterke fagmiljø, vert lagt til Vestland fylke. Vi meiner også at ei framtidig divisjonsleiing for Utbygging bør lokaliserast til Vestland fylke. Statleg lokalisering må sjåast i samanheng med dei nye regionane. Arbeidsplassane er også ein svært viktig del av ein brei og attraktiv bu- og arbeidsmarknad med nasjonale einingar som til dømes Difi, som forvaltar og utviklar nasjonale digitale tenester for offentleg forvaltning.

Tilgjengelege offentlege tenester og attraktive arbeidsmarknader er føresetnader for vekstkraftig næringsliv og gode lokalsamfunn over heile landet. Fellesnemnda meiner difor at det ligg godt til rette for å bygge vidare på eksisterande fagmiljøa, i ein framtidig divisjonsmodell, med leiing av sentrale funksjonar og oppgåver i Vestland.

1 Plan for lokalisering av statlige arbeidsplasser. [Vedlegg til Meld. St. 18 \(2016-2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)

PS 18/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - arbeidsdokument 2/19

Prosjektleiår rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek informasjonen om finansutvalsmodellen – målsetting, rollar og praktisk gjennomføring til vitande.
2. Fellesnemnda fastset følgjande arbeidsmål for utarbeiding av sitt budsjettframlegg:
 - Budsjettår 2020 skal salderast med realistiske, gjennomførbare tiltak.
 - 2021 skal ha skisserte tiltak/utgreiingar som vert konkretisert påfølgjande år.
 - 2022-23 kan salderast med innsparingskrav som vert konkretisert i seinare budsjettprosessar.
3. Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020. Fellesnemnda ber prosjektleiår om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018.
4. Fellesnemnda tek orienteringa om investeringsprogrammet i økonomiplanen 2020-23 til vitande. Prosjektleiår får i oppgåve å gjere ei vurdering av kva prosjekt som kan tidsforskyvast på kort sikt, for å redusere kapitalutgiftene i 2020. Prosjektleiår får i oppgåve å gjere ei vurdering av det samla nivået på sekkepostløyvingane. Prosjektleiår får i oppgåve å gjere nærare greie for finansieringsplanen knytt til ikkje påbegynte prosjekt.
5. Sluttsalderinga av økonomiplan 2020-2022 vert reversert og teken inn som ei økonomisk utfordring i arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Arild Borgen (R) tiltredde behandlinga av saka.

Nils Marton Aadland (H) sette på vegne av H, Frp, V og MDG fram slikt forslag:

Tillegg pkt.4, etter andre setning.

«Fellesnemnda får vurderinga til politisk behandling/innstilling til Vestland fylkesting.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

Tillegg til pkt.2, kulepunkt 2.

«I høve budsjett 2021 ber fellesnemnda om at prosjektleiår også vurderer om tiltak/utgreiingar kan konkretiserast allereie i budsjettprosessen gjennom arbeidsåret 2020.»

Røysting

Prosjektleiår sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.
Prosjektleiår sitt forslag pkt. 2. vart samrøystes vedteke.
Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Prosjektleiår sitt forslag pkt. 3 vart samrøystes vedteke.
Prosjektleiår sitt forslag pkt. 4 vart samrøystes vedteke.
Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Prosjektleiar sitt forslag pkt. 5 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek informasjonen om finansutvalsmodellen – målsetting, rollar og praktisk gjennomføring til vitande.
2. Fellesnemnda fastset følgjande arbeidsmål for utarbeiding av sitt budsjettframlegg:
 - Budsjettår 2020 skal salderast med realistiske, gjennomførbare tiltak.
 - 2021 skal ha skisserte tiltak/utgreiingar som vert konkretisert påfølgjande år. I høve budsjett 2021 ber fellesnemnda om at prosjektleiar også vurderer om tiltak/utgreiingar kan konkretiserast allereie i budsjettprosessen gjennom arbeidsåret 2020.
 - 2022-23 kan salderast med innsparingskrav som vert konkretisert i seinare budsjettprosessar.
3. Fellesnemnda vil oppmode dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020. Fellesnemnda ber prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018.
4. Fellesnemnda tek orienteringa om investeringsprogrammet i økonomiplanen 2020-23 til vitande. Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av kva prosjekt som kan tidsforskyvast på kort sikt, for å redusere kapitalutgiftene i 2020. Fellesnemnda får vurderinga til politisk behandling/innstilling til Vestland fylkesting. Prosjektleiar får i oppgåve å gjere ei vurdering av det samla nivået på sekkepostløyvingane. Prosjektleiar får i oppgåve å gjere nærare greie for finansieringsplanen knytt til ikkje påbegynte prosjekt.
5. Sluttsalderinga av økonomiplan 2020-2022 vert reversert og teken inn som ei økonomisk utfordring i arbeidet med budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.

PS 19/19 Inntak i Vidaregåande opplæring

Prosjektleiar tilrår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.
2. Det vert sett i gong ein prosess mot felles inntak frå skuleåret 2021/2022 som skissert i saksframlegget

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag

Alternativ til pkt.1.

- «1.
Dagens inntaksordningar og inntaksområde vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Ordningar som finst for ungdomar i grenseområda vert

vidareført. For ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland vert ordninga utvida til å gjelde alle ungdomar og alle vidaregåande skular i pendlaravstand.

Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.»

Jenny Følling (Sp) sette på vegne av Sp, A og SV fram slikt forslag:

Tillegg til pkt.1.

«Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3.

Fellesnemnda ber om at nærskuleprinsippet vert utgreidd i det vidare arbeidet med val av inntakssystem til saka kjem i oktober 2019. Gjerne etter modell frå Trøndelag.»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt protokollmerknad.

«SV sitt primære standpunkt er at Vestland fylkeskommune skal ha eit inntak basert på nærskuleprinsippet/geografisk styrt inntak, der søkjarane vert prioritert ut frå inntak på næraste skule forutsatt at søkt programområde finst ved nærskulen. Dersom programområdet/utdanningsprogrammet ikke finst ved søkjaren sin nærskule, vel søkjaren sjølv kva skule han/ho vil søkja.»

Røysting

Brosvik sitt forslag fekk 11 røyster (Krf,MDG,V,Frp,H) og fall.

Prosjektlear si forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Følling sitt forslag fekk 13 røyster (A,Sp,SV) og vart vedteke.

Prosjektlear si forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag fekk 13 røyster(A,Sp,SV) og vart vedteke.

Vedtak

1. Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.

2. Det vert sett i gong ein prosess mot felles inntak frå skuleåret 2021/2022 som skissert i saksframlegget.
3. Fellesnemnda ber om at nærskuleprinsippet vert utgreidd i det vidare arbeidet med val av inntakssystem til saka kjem i oktober 2019. Gjerne etter modell frå Trøndelag.

Protokollmerknad frå SV

SV sitt primære standpunkt er at Vestland fylkeskommune skal ha eit inntak basert på nærskuleprinsippet/geografisk styrt inntak, der søkjarane vert prioritert ut frå inntak på næraste skule forutsatt at søkt programområde finst ved nærskulen. Dersom programområdet/utdanningsprogrammet ikke finst ved søkjaren sin nærskule, vel søkjaren sjølv kva skule han/ho vil søkja.

PS 20/19 Ny budsjettmodell for tildeling til dei vidaregåande skulane - vidare prosess

Prosjektleiar tilrår fellesnemnda å gjere følgjande vedtak:

1. Dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareførde for 2020.
2. Prinsippa for ny budsjettmodell, gjeldande frå 2021, vert lagt fram for fylkestinget som ein del av økonomiplansaka i desember 2019.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Dagens budsjettmodellar for tildeling til dei vidaregåande skulane vert vidareførde for 2020.
2. Prinsippa for ny budsjettmodell, gjeldande frå 2021, vert lagt fram for fylkestinget som ein del av økonomiplansaka i desember 2019.

PS 21/19 Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2019

Prosjektleiar rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda konstaterer at:

- a) Vedtekne «Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- b) Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i nye Vestland fylkeskommune. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda konstaterer at:

- c) Vedtekne «Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- d) Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i nye Vestland fylkeskommune. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

PS 22/19 Møteplan hausten 2019

Forslag til vedtak

1. Fellesnemnda vedtek møteplan for hausten 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering slik det går fram av side 3 i denne saka.
2. Dei oppsette møte for fellesnemnda, fellesnemnda sitt arbeidsutval og partsamansett utval frå og med 15. oktober 2018 vert avlyst då funksjonstida til fellesnemnda utløpar ved konstituering av nytt fylkesting for Vestland fylkeskommune.
3. Fellesnemnda rår Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vurdere og justere si eiga møteplan for hausten 2019 frå og med datoen då Vestland fylkesting blir konstituert.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Leiaren opplyste at rett årstal i pkt.2 skal vera 2019.

Røysting

Prosjektlear sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fellesnemnda vedtek møteplan for hausten 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering slik det går fram av side 3 i denne saka.
2. Dei oppsette møte for fellesnemnda, fellesnemnda sitt arbeidsutval og partsamansett utval frå og med 15. oktober 2019 vert avlyst då funksjonstida til fellesnemnda utløpar ved konstituering av nytt fylkesting for Vestland fylkeskommune.
3. Fellesnemnda rår Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til å vurdere og justere si eiga møteplan for hausten 2019 frå og med datoen då Vestland fylkesting blir konstituert.

PS 23/19 Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Innstilling

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tilset kontrollsjef.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Leiaren la til grunn innstillinga frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved røystinga.

Røysting

Innstillinga frå kontrollutvalet i Hordaland vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

PS 24/19 Komité for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020

Forslag til vedtak

Fellesnemnda gir arbeidsutvalet (FN-AU) fullmakt til å fastsette rammer og opplegg for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Røysting

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda gir arbeidsutvalet (FN-AU) fullmakt til å fastsette rammer og opplegg for markering av Vestland fylkeskommune i 2019/2020.

PS 25/19 Fylkestingsvalet 2019 - røystesetlar til listestillarane

Saksprotokoll i fellesnemnda - 13.03.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram slikt forslag:

«Modellen som Hordaland fylkeskommune har nytta vert lagt til grunn for fylkestingsvalet 2019. Tal på røystesetlar til partia vert sett til 75000.»

Røysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Modellen som Hordaland fylkeskommune har nytta vert lagt til grunn for fylkestingsvalet 2019. Tal på røystesetlar til partia vert sett til 75000.